



# ÅRSRAPPORT

2025



## Innhald

1.0 VERKSEMDA .....	4
1.1 Hovudresultat .....	5
1.1.1 Styret .....	6
1.1.2 Føringar for verksemda .....	6
1.1.3 Haugalandmuseet sin organisasjon og nettverk.....	6
1.1.4 Forsvarleg og effektiv drift .....	7
1.1.5 Finansiering .....	7
1.1.6 Arbeidsmiljø, HMS og likestilling.....	7
1.1.7 Ytre miljø .....	8
1.1.8 Årsverk .....	8
1.1.9 Universell utforming .....	8
2.0 ADMINISTRASJON.....	9
2.1 Personale.....	9
2.2 Eigedomsselskapet AS Karma .....	11
2.3 Utviklingsarbeid.....	11
3.0 KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING .....	12
4.0 SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON .....	14
4.1 Publikasjonar .....	14
4.2 Foredrag .....	15
4.3 Prosjekt i regi av museumsnettverk.....	15
5.0 RELEVANT FORMIDLING.....	16
5.1 Publikumsutvikling .....	17
5.1.2 Program.....	18
5.1.3 Utviklingsprosjekt.....	19
5.1.4 Undervisning.....	20
5.1.5 Tilrettelegging og inkludering.....	21
5.1.6 Digital formidling .....	22
5.1.7 Tilgjengeleggjering av samlingane.....	22
5.2 Utstillingar .....	23

6.0 HEILHEITLEG SAMLINGSUTVIKLING .....	26
6.1 Kulturhistorie .....	26
6.2 Visuell kunst .....	27
7.0 TRYGG IVARETAKING og DOKUMENTASJON .....	28
7.1 Registrering og digitalisering.....	29
7.2 Revisjon og vurdering av samlingar .....	30
7.3 Førebyggjande tiltak og konservering.....	30
7.4 HMS og risikohandtering i forvaltninga .....	31
7.5 Magasin .....	31
7.6 Bygningsvern.....	32
7.7 Bygningsvernrådsgjevar .....	32
7.8 Drift, brann og sikring.....	32
8.0 AKTIV SAMHANDLING OG FRIVILLIGE .....	33
8.1 Frivilligheit og samhandling .....	33
8.2 Museum og reiselivsnæringa .....	35



## 1.0 VERKSEMDA

Haugalandmuseet er kunst og kulturhistorisk museum for Nord-Rogaland. Kommunane Bokn, Haugesund, Tysvær, Utsira og Vindafjord eig museet som er organisert som eit aksjeselskap. Generalforsamlinga er vårt øvste organ, og vi har eit kompetansestyre for drift- og eigarselskapet. På heimesida vår ligg mykje informasjon om aktuelle utstillingar og aktivitetar, avdelingane og prosjekter samt planar for arbeidet i heile museet.

Vi er eit desentralisert museum og er nær innbyggjarane i små og store lokalsamfunn. Våre museumsavdelingar er etablert frå 1913 og framover. I strategien er hav overordna satsingsområde. Regionen har små og store kystsamfunn, inne i fjordane, langs skipsleia og på øyar i havgapet. Havet er omskifteleg, og har kravd og gitt rom for endring og omstilling. Havet har til alle tider prega livsgrunlaget og mentaliteten på Haugalandet.

I planperioden vil havet og endring bli spegla i formidling, forskning og forvaltning. Andre tematiske satsingar er nasjonale minoritetar, foto, krig og høgtrykkskunst. Mål og tiltak knytte til disse tema vert integrert i fokusområda, og i fagplanane til Haugalandmuseet som ligg ope tilgjengeleg på heimesida.

Haugalandmuseet er eitt av seksti museum i Noreg som får driftstilskot frå dei tre forvaltingsnivåa stat, fylke og kommune. Det forventast og at musea skaffar eigeninntekter, som no utgjer 20% av budsjettet. Den offentlege forvaltninga lagar museumspolitiske dokument og strategiar, i tillegg til museet sine egne.

Museumsmeldinga (Meld.St.23 2020-2021) Musea i samfunnet gjev overordna retning for museumspolitikken fram mot 2050. Museumsmeldinga gir museumssektoren mål,

tiltak og prioriteringar for dei neste tiåra. Den legg vekt på solid kunnskapsproduksjon, relevant formidling, heilskapleg samlingsutvikling, trygg forvaltning og aktiv samhandling.

## 1.1 Hovudresultat

Målsetjinga for 2025 var å betre besøkstalet og innteninga, og det klarte vi for fjerde året på rad. Hovudsatsinga vart ei vidareføring av satsinga på cruise- og kulturturisme i ein utvida sesong frå mai til oktober. Vi fekk til utvida opningstider og nøgde, betalende turistar. Det er framleis mogleg å bli betre, og betre inntening og meir besøk inspirerer til vidare satsing i 2026.

2025 var eit merkeår for museet med hundreårsdagen 3. november. Museet vart stifta i 1925, og på forskjellig vis vart jubileet markert gjennom året. Sjølve dagen vart feira 1. november med arrangement i Haugesund rådhus og Wrangell-huset. Den flotte jubileumsårboka "Tinga fortel" vart lansert i rådhuset, og ei meir formell mottaking vart arrangert same stad med talar, helsingar og kulturelt innslag. Kvelden vart avrunda med hattefest og ein lausare snipp i Wrangell-huset.

Det har vore satsa på eit breitt tilbod til publikum gjennom heile 2025, trass asbeststengde avdelingar for tredje året på rad. Kreativ og positiv endringsvilje hjå tilsette gjorde at alternative stader vart tekne i bruk, som til dømes i "Jul i Dokken" som vart lagt til friluftsmuseet i desember.

Arrangementet utvida opningsesongen til vinterstid, og nær 4000 publikummarar tok godt i mot det nye tilbodet. Årsprogrammet med nærare 200 arrangement i 2025 fortel om stor breidde og mange møtestader - nett slik det skal vere i Haugalandmuseet – museet der folk bur!

Vi ligg godt an for dei digitale måla vi har satt oss, og har passert 5500 følgjarar på heimesida. Vi har som mål å heile tida leggje ut meir av samlingane på nettet, og det er gledeleg at vi heldt fram og publiserte artiklar som resultat av pågåande arbeid med samlingane. Det har vore arbeidd godt med utviklingsprosjektet om nytt museum og magasin på museet si eiga tomt i Haugeverven i Haugesund i 2025.

Kunst og kulturhistorie i same museum har ført til tverrgåande prosjekt i heile regionen i 2025. Kunstnarar med skråblikk fekk i oppdrag å laga kommentarar til faste kulturutstillingar og samlingar. Dette er nyvinningar der same tema kan sjåast med kunstauge og kultursyn, og utfylle kvarandre på ein god måte. Ein god effekt av det samanslåtte museet er òg fagleg forvaltning av kunst- og kulturhistoriske samlingar.

Samstundes med dei gode resultatata har også 2025 vore eit svært krevjande år for tilsette. Samlingsforvaltninga har i lang tid lidd under manglande arbeidslokale grunna asbest. Arbeid med drift, sikring og bygningsarven vart råka av vakansar i 2025. Dei tilsette har også i 2025 gjort ein ekstraordinær innsats for å gje publikum eit godt tilbod. Dei tilsette har snudd seg rundt og vore kreative, heile tida løysingsorienterte for å sjå nye mogelegheiter andre stader i museet. Arbeid med nye verkstadslokale, flytting av samlingane og nye funn av giftstoff tek på over år. Stor honnør difor til dei tilsette som har arbeidd under slike omstende, og har jamt og trutt arbeida for måla til museet i 2025.

### 1.1.1 Styret

Styret har hatt fire styremøte, fått orienteringsbrev frå administrasjonen og handsama 38 saker. HMS, personal, økonomi og nytt museum har vore faste tema gjennom året.

**Styret** vart vald på generalforsamlinga i februar 2025, og har per 31.12.2025 følgjande medlemmer:

John Malvin Økland, (ny) styreleiar  
Linda Bruås  
Målfrid Snørteland  
Ingun S. Harloff  
Terje Halleland (ny)  
Bjarthe Espeland Horpestad (Rogaland fylkeskommune sin representant)  
Madli Hjermann (tilsette sin representant)

### Varamedlem


Arnstein Eek  
Tove Elise Madland  
Gunn Grønnestad  
Tom Landås (Rogaland fylkeskommune sin vara)  
Anna Tveit (tilsette sin vara)

### 1.1.2 Føringar for verksemda

Haugalandmuseet er medlem av ICOM, den internasjonale museumsorganisasjonen, og det er godt å vere ein del av eit internasjonalt fellesskap med høg standard. Den nye museumsmeldinga frå 2021 «Tid, ting og tillit» ligg føre som rettesnor for museumsarbeidet dei neste tiåra. Rogaland fylkeskommune sine planar gjev også viktige signal, likeins dei kommunale kulturplanane. Haugalandmuseet er som sjølvstendig verksemd, med ei armlengds avstand til tilskotsgjeverane, ansvarleg for drift og ivaretaking av kunst- og kulturarven.

### 1.1.3 Haugalandmuseet sin organisasjon og nettverk

Haugalandmuseet er organisert i tre avdelingar, og i 2025 har fagavdelingane arbeida på tvers av organisasjonen med handlingsplan, utstillingar og program:



### 1.1.4 Forsvarleg og effektiv drift

Dersom ein med mest mogeleg effektiv drift meiner at ressursane vert dirigert til aktivitetar som gjev høgast mogeleg måloppnåing og at aktivitetane er mest mogeleg kostnadseffektive etter handlingsplanen, er dette innfridd i 2025.

Avdelingane har hatt faste møter for å trygge framdrifta, og leiargruppa har hatt tilsvarande. Når det gjeld forsvarleg drift har vi med den prekære asbestsituasjonen heller ikkje hatt gode arbeidstilhøve i 2025. Vi har hatt fokus på å trygge arbeidssituasjonen for tilsette, og lage prosedyrar for handsaming av krevjande arbeid.

### 1.1.5 Finansiering

Hovudfinansieringa til Haugalandmuseet kjem frå grunnfinansiering frå

eigarkommunar, Rogaland fylkeskommune og staten. I 2025 utgjorde dei ordinære driftstilskota 80 % av dei samla inntektene. Eigeninntektene stod for dei resterande 20 %, fordelt på eksterne prosjektmidlar (14 %) og egne salsinntekter (6 %).

### 1.1.6 Arbeidsmiljø, HMS og likestilling

Haugalandmuseet har verneombod og AMU-utval med fire representantar; to frå arbeidstakarane og to frå leiargruppa. I 2025 var det fire samlingar for alle tilsette der det vart lagt fram årsplan, handlingsplan og jamleg teke opp HMS-arbeid.

Samla sjukefråvær var 3,3% i Haugalandmuseet i 2025, medan det i bransjen var 4,5% og i landet 5,6% (fra 4. kvartal 2024 til 4. kvartal 2025). Det har ikkje vore innrapportert skader, men nokre uønskte hendingar i 2025. Museet har fleire tilsette kvinner enn menn, og vi skal vere merksame på det framover.

#### **AMU-utvalet**

AMU-utvalet har fire medlemmer; to arbeidstakarrepresentantar og to frå arbeidsgiversida. I 2025 har arbeidsgiversida hatt leiarvervet, som og har vore AKAN-kontakt.

#### **Arbeidsområde**

Arbeidsmiljøutvalet i Haugalandmuseet arbeider for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet deltek i planlegginga av verne- og miljøarbeidet i verksemda, og følgjer nøye med på utviklinga av arbeidsmiljøet. Arbeidsmiljøutvalet har oppgåver etter Arbeidsmiljølova og etter forskrift om organisering, leiging og medverknad.

#### **Møte**

Det har vore månadlege AMU-møter i 2025. Referat frå AMU-møta vert sendt ut til alle tilsette via Teams-veggen og blir lagt på fellesområdet i Teams.

#### **Mål 2025**

Hovudarbeidet i 2025 har vore å laga ein HMS-handlingsplan i samråd med verneombod og leiargruppa. AMU-utvalet lagar årlege HMS-handlingsplanar som ledd i arbeidet for å skapa eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø.

AMU-møta har ein nokolunde fast struktur med saker som: HMS-nytt i museet (sjukefråvær, ressursbehov (personell, materiell), avviksrapportar, framdrift i arbeidet med internkontrollsystem, status for HMS-handlingsplan og budsjettorientering. AMU-utvalet lagar eit årshjul med viktige datoar og fristar som skal overhaldast enten det gjeld vernerundar, medarbeidarsamtalar, fellesmøte eller ulike velferdstiltak m.m.

### 1.1.7 Ytre miljø

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø utover det som er naturleg for denne type verksemd.

### 1.1.8 Årsverk

Haugalandmuseet utførte i overkant av 18 årsverk i 2025. Av desse er to årsverk utført av midlertidig tilsette prosjektmedarbeidarar og timeløna museumsvertar. Selskapet hadde 18 fast tilsette ved utgangen av året, 15 kvinner og 3 menn. I tillegg har museet engasjert 24 tilkallings- og museumsvertar i løpet av året, 14 kvinner og 10 menn. Styret var sett saman av 4 kvinner og 3 menn.

### 1.1.9 Universell utforming

Større delar av bygningsmassen som Haugalandmuseet held til i er ikkje universelt utforma. Haugalandmuseet sine digitale plattformer skal vere universelt utforma, og erklæring om tilgjengelegheit ligg ute på heimesida.



# ADMINISTRASJON

## 2.0 ADMINISTRASJON

Administrasjonen har i 2025 hatt særleg merksemd på å vidareutvikle og effektivisere administrative rutinar og system. Det er teke i bruk eit nytt rekneskapsprogram som forenkler løpande rekneskaps- og bilagshandtering, og som styrker arbeidet med budsjett- og økonomioppfølging. Samstundes krev oppfølging av personale og økonomi betydelege ressursar, i tillegg til kontinuerleg oppdatering av system for internkontroll og HMS. Verneombod og AMU-leiar har arbeidd med å samla og vurdera moglege tiltak, og leiargruppa har utarbeida handlingsplan for 2025.

### 2.1 Personale

Det er arrangert fem fellesmøte for alle tilsette med informasjon og orienteringar, fagdag, førstehjelpskurs og brannøving. Dei tilsette var på studietur til Sunnhordland museum i august. Trivselskomiteen har arrangert sommarfest, julebord og julelunsj. Det har òg vore velferdskomité i sving med fleire programpostar i 2025.

I løpet av 2025 har Haugalandmuseet hatt fleire endringar i bemanninga. To tilsette i deltidstillingar har i 2025 fått auka stillingsprosent til 100% ved bruk av prosjektmidlar. Ny handverkar vart tilsett i mars. Ein prosjektilsett i aspirantstilling avslutta arbeidsforholdet i mars, og driftsleiaren slutta i prøvetida i juni. Bygningsvernrådgivaren avslutta arbeidsforholdet ved årsskiftet, og ved utgangen av året gjekk ein medarbeidar av med pensjon.

Året har vore prega av store omskiftingar, med vakansar og stenging av lokale grunna asbest. Trass i dette er aktivitetsnivået oppretthaldt, og dei tilsette har påteke seg ekstraoppgåver og utvist stor fleksibilitet.

### **Deltaking i seminar og nettverksmøte**

- 30.01: Museumspedagogisk seminar - digitalt nasjonalt formidlermøte
- 31.01: Fagdag for Fotonettverket, Rogaland. 3 deltakarar
- 14.02: Forum for barnehage- og skoleformidling. Digitalt formidlermøte
- 12.03: Fagseminar: Energieffektivisering av gamle hus, Gjøvik, innlandet. 1 deltakar
- 02.04: Fagdag fotonettverket, Stavanger. 2 deltakarar.
- 24.03: Museumspedagogisk seminar i Stavanger: formidlingsavdelingen
- 27.03: Museumspedagogisk seminar, webinar: Kontroversielle berekraftutfordringar i vitensenter og museum
- 29.04: Møte i kunstmuseumsnettverket, Oslo, 2 deltakarar
- 28.-29.04: Privatarkivseminaret, Stavanger. 2 deltakarar
- 05.05: Vestlandsutstillingen årsmøte (digitalt)
- 05.-06.05: Vårsmøte Nasjonalt fotonettverk, Bergen, 1 deltakar
- 06.-07.05: Løfte håndverket – vårseminar 2025, 1 deltakar
- 12.05: Eiermøte og generalforsamling KulturIT, 1 deltakar
- 28.-29.05: RFKs fagseminar og ledermøte i Jøssingfjord og Sokndalstrand, 3 deltakarar.
- 23.-27.06: Kurs i vindusrestaurering for jenter, Røst i Lofoten. 1 deltakar.
- 28.08: Museumspedagogisk seminar: webinar med tema immateriell kulturarv på utstilling
- 25.09: Produksjonsmøte i Oslo om ny vandretstilling 2030 i samarbeid med NaM m.fl. 1 deltakar
- 15.10: Medlemsmøte DHH, 2 deltakarar
- 15.-16.10: Seminar Øye på Bergen Assembly| Visuell kunst for barn og unge, 1 deltakar
- 24.10: Høstmøte i nasjonalt fotonettverk. 1 deltakar.
- 25.10: Produksjonsmøte i Oslo om ny vandretstilling 2030 i samarbeid med NaM m.fl. 1 deltakar
- 30.10: Digitalt museumspedagogisk seminar “Home and Away 0.0”, 4 deltakarar
- 06.-07.11: Seminaret «Når huset er samlingen. Bevaring utan å gå på veggene». 2 deltakarar
- 20.-21.11: Nasjonalmuseet formidlerseminar. 1 deltakar
- 02.12: Seminar om beredskapssamarbeid i Rogaland, 1 deltakar

## 2.2 Eigedomsselskapet AS Karma

Museet sitt eigedomsselskap AS Karma har inngått avtale med Haugesund Parkering om utleige av området Hasselgata 31 til bubil- og parkeringsplassar. Leigetakar og utleigar deler kostnadane til oppgradering, mellom anna nytt dekke og asfalt, slukar og skilting. Oppgraderinga er sett i gang.

AS Karma har elles i meldingsåret i hovudsak hatt dei faste leigetakarane, med tillegg av ein ny leigetakar i bustadane. Båtplassane og næringslokala har stort sett vore utleidde gjennom året, og Sjøspeidarane i Haugesund har tilhald i Haugeverven.

## 2.3 Utviklingsarbeid

Museet er ein kompleks institusjon med mange samansette oppgåver. For å få til større løft må vi definere prosjekta klart og prioritere oppgåvene. I strategi 2020-2025 er det definert som eit mål at Haugalandmuseet har museumsarenaer med universell utforming, tilrettelagt for formidling og med god tilgang til samlingane. Museet har arenaer som gir kunnskap og opplevingar, er gode møteplassar og er lagt til rette for ny bruk og utleige.

Eitt utviklingsprosjekt har hatt prioritet i 2025: *Nytt magasin og museum på Hasseløy*. Vi har jobba vidare ut frå styrevedtak og ein visjon om å etablere eit museumsbygg med magasin i Haugeverven – ein ny arkitektheikna museumsbygning for bevaring og formidling av maritime samlingar, publikumsfasilitetar som verkstad for born, vitskapssenteraktivitetar, kafé og foredragssal. Eit *havmuseum* der sild, salt og skip er viktige knaggar. Vi ferdigstilte ei moglegheitsstudie. Vi har òg hatt møte med Haugesund kommune, kulturavdelinga og planavdelinga, næringssjef og politikarar der vi har presentert planane for nytt museumsbygg.

I 2025 er resepsjonen fornya i Dokken museum, med ny utforming, innreiing og fargar.

På førespurnad prioriterte museet eit forprosjekt for restaurering av Wrangellhagen. I oktober fekk museet ei stor gåve på kr. 500 000,- frå Wrangells legat til restaurering av hagen.



## KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING

### 3.0 KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING

Haugalandmuseet har ein kommunikasjonsstrategi (Kommunikasjonsplan Haugalandmuseet 2020-2025) som seier korleis museet skal kommunisere og kva for nokre satsingsområde museet har innan kommunikasjon og marknadsføring.

Museet informerer jamleg eksternt om aktuelt-sakar og arrangement, i form av månadlege nyheitsbrev til medlemmane i veneforeininga og fylgjarane våre. God og jamleg informasjon internt når også ut til alle ansatte i form av månadlege nyheitsbrev frå direktøren og referat frå alle AMU-møter.

Innarbeida rutinar og godt samarbeid mellom dei tilsette og dei ulike fagavdelingane i museet, har gjort det mogleg å ha ei aktiv profilering av Haugalandmuseet på dei digitale plattformene våre.

I jubileumsåret vart det laga ein eigen jubileumslogo som følgde marknadsføringa gjennom heile året. I løpet av året produserte museet sine eigne tilsette ei lang rekkje plakatar og brosjyrar til bruk i marknadsføringa. Museet marknadsfører arrangement og utstillingar på TV-skjermar hos Destinasjonsselskapet Haugesund/Haugalandet. Også i år vart det produsert eit årsprogram med napp-ut-kalender i ei flott trykksak.

Dei store publikumsarrangementa «Natt på museet» og «Jul i Dokken» fekk svært mykje omtale i media og var med på å byggja opp om museet sitt omdøme.

I arbeidet med universell utforming og god og riktig informasjon til publikum, har me i løpet av året oppdatert nettsida vår med betre informasjon om tilgang til arenaene våre: <https://haugalandmuseet.no/personvern/>

Det totale nettsidebesøket for haugalandmuseet.no var i 2025 117 141. Unike sidevisningar var 57 750. Det totale nettsidebesøket sidan vi byrja målingane i 2020 er no 384 098. Målet om 150 000 sidevisningar før 2025 er nådd.

Sidevisningar på Kulturpunkt.no var 17 504 i 2025. Dei mest populære punkta er de som omhandlar Romanifolket sine kulturminne og den nye turløypa i Djupadalen.

Målet for strategiperioden 2020-2025 om 4000 følgjarar på Facebook vart oppnådd i 2021. I 2025 er talet på følgjarar auka til 5 537. Følgjarar på Instagramkontoen @haugalandmuseet er 1 646 og følgjarar på @haugesundbilledgalleri er 2 000. Haugalandmuseet har pr. 31.12.2025 totalt 9 183 følgjarar i sosiale media. Innhaldssamhandlingar (antal likarklikk, reaksjonar, kommentarar og delingar m.m.) på Facebook var 7 366.

Haugalandmuseet har nettside, Facebook, Instagram og YouTube-konto, kor ein jamleg legg ut oppdateringar, foto, artiklar og filmsnuttar frå arrangement og museumsarbeid. Museet publiserer månadlege nyheitsbrev til veneforeininga og andre museumsinteresserte, med aktuelt stoff frå museet sitt arbeid. I alt 412 abonnentar mottar museet sitt nyheitsbrev.



*Figur 1 Ein engasjert ordførar opnar og ynskjer velkomen til Jul i Dokken, søndag 30. november 2025.*

*Foto: Grethe Nygaard/Haugalandmuseet*



## SOLID KUNNSKAPS- PRODUKSJON

### 4.0 SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON

Haugalandmuseet vedtok forskingsplanen i 2020. Forskingsplanen har fem hovudmål, mellom anna å integrere forskning i Haugalandmuseet si verksemd og drive forskning på eigne samlingar. Vidare skal det forskast på tema som har regional forankring og regional og nasjonal relevans. Forskinga skal auke den vitskapelege kompetansen i personalet.

I 2025 har museet gitt ut ei jubileums-årbok, i anledning 100-års-jubileet. Ein tilsett har deltatt på studiet MUSE 621, med skiving av vitskapeleg artikkel ved Universitetet i Bergen. Artikkelen er planlagt publisert i 2026. Ein tilsett har bidratt i skiving av ein fagfelleverdert konserveringsfagleg artikkel saman med Museumstenestene i Rogaland. Dersom den går gjennom nålauget, vil den bli publisert under ICOM CC – Preventive Conservation Working Group i Oslo i 2026.

#### 4.1 Publikasjonar

*Tingene forteller. Historier om Haugalandet. Årbok for Haugalandmuseet 2025.*

I boka løfta vi fram samlinga og tinga, med historiar frå Haugalandet gjennom 10 000 år. Tilsette bidrog med i alt 35 artiklar. Dei resterande 22 artiklane blei levert av frivillige og forskarar utanfrå.

## 4.2 Foredrag

- 02.04: Fotonettverk Rogaland, Stavanger: Å dokumentere en minoritet i bevegelse. Grethe P. Vie.
- 29.04: Privatarkivkonferansen, Stavanger: De båtreisende på Vestlandet - romanifolket som reiste sjøveien. Grethe P. Vie.
- 18.09: Foredrag om retusjering av postkort, Landskonferanse foto 2025. Madli Hjermann
- 18.09: Snapshot/foredrag om de store ferrotypienes opprinnelse, Landskonferanse foto 2025. Madli Hjermann

## 4.3 Prosjekt i regi av museumsnettverk

Haugalandmuseet deltek i ei arbeidsgruppe som har som mål å produsere ein vandretstilling for Nasjonalmuseets landsdekkjande program i perioden 2028-2030. Arbeidet drivast av ei kuratorgruppe frå Haugalandmuseet, Nordnorsk Kunstmuseum, Viti Musea og Nasjonalmuseet.

Vi har bidratt med arkivmateriale og utlån av ein gjenstand til Reichkriegsgericht-utstillinga i Berlin, ei utstilling som omhandlar krigsfangar under andre verdskrig, deriblant fangane som høyrte til Haugesundsgruppa. Vi blei invitert og deltok på opninga av utstillinga i Berlin hausten 2025. Saman med fleire museum i Noreg arbeidar vi for å få utstillinga til Noreg, mellom anna til Arquebus krigshistoriske museum frå 2027. Vi har og samarbeida med Stavanger Byarkiv og IKA om arkivprosjekt "Norsk Folkehjelp", som har støtte frå Arkivverket.

Haugalandmuseet er med i ei pilotgruppe for langtidslagring, leia av KulturIT, Kulturdirektoratet og Nasjonalbiblioteket. Målet er å lage eit godt system for sending, mottak, sikker langtidsbevaring og enkel og sikker tilgang til den digitale kulturarven. Haugalandmuseet har bidratt med innspel til museas behov for funksjonaliteten til verktøyet for langtidsbevaring. I neste omgang kan det bli aktuelt å bidra med ein digital fotosamling til test av funksjonaliteten rundt langtidsbevaring og tilgang til filene.



## RELEVANT FORMIDLING

### 5.0 RELEVANT FORMIDLING

Haugalandmuseet si formidling skal nå ut til ulike grupper besøkande med tanke på alder og sosial og kulturell bakgrunn. Det er eit uttalt mål å ha eit mangfald av tilbod som spring ut frå museet sine samlingar. Formidlinga skal vere relevant og innehalde sentrale tema og problemstillingar, og skal skape identitet og tilhøyring. Mykje av formidlinga til Haugalandmuseet er knytt tett opp til mål i læreplanar, og er av den grunn relevant for Den Kulturelle Skulesekken. Her blir det lagt vekt på danning, meistring og medverknad.

Haugalandmuseet skal by på livslang lære òg ha aktuelle utstillingar og foredrag, handboren kunnskap og løfte fram handverkstradisjonar. Museet vil at mange stemmer skal bli høyrte; unge, eldre og minoritetar, for på denne måten å få fram fleire synspunkt, historier og perspektiv.

Som andre museum følgjer vi opp nasjonale føringar om meir eigen inntening, og har jobba vidare med tilbod om kulturturisme, eit tilbod både til lokalbefolkning og turistar. Arbeidet med levande historieforteljing blir utvikla vidare, nytt av året er utviklingsprosjektet Jul i Dokken med fokus på nett det, mellom anna i eit nytt konsept med historisk teatervandring om juleførebuingar.

Det arbeidast også med synleggjering av mangfald og minoritetar, og vi har i mange år dokumentert og formidla romanifolket sin kulturhistorie langs kysten. Gjennom prosjektet Kunstnarblikk vart romanifolket si historie løfta fram. Romanifolket, ein nasjonal minoritet som har vore reisande i Noreg i 500 år, har lenge vorte sett på som annleis og halde utanfor storsamfunnet. Installasjonen i Dokken inviterer til refleksjon, og publikum har delteke ved å laga sine egne, unike krepplomar. Slik har dei medverka

til at båten vert fylt med til saman 1500 blomar – til minne om barn som vart tekne ut av heimane sine.

## 5.1 Publikumsutvikling

Avdelingar	Totalt 2025	Betalande 25	Totalt 2024	Betalande 24
Bokn	143	-	-	-
Haugalandmuseet felles	591	111	1 565	396
(Wrangellhuset, inkl. i HM felles)	256	111	750	236
Haugesund billedgalleri	11 599	3 260	11 044	3 150
Hiltahuset	662	-	691	-
Karmsund folkemuseum (Berre Ørpetveit i 2025. Inkl. Karmsund og Natt på museet i 2024)	327	-	8 603	806
Dokken	9 305	4831	4 963	3 351
Nedstrand	296	-	126	-
Nordvegen	193	-	2 502	-
Utsira	128	39	398	-
Vindafjordmuseet	422	113	368	98
Arquebus krigshistorisk museum	6677	4987	7 293	5 940
<b>Totalsum</b>	<b>30 343</b>	<b>13 341</b>	<b>37 553</b>	<b>13 741</b>

Museet held fram satsinga på å utvikle publikumstilbodet og auke innteninga. Haugalandmuseet hadde 7 210 besøkande mindre enn i 2024, 19% nedgang. Karmsund folkemuseum har vore stengt heile 2025, og Nordvegen historiesenter var berre ein del av Haugalandmuseet ut april.

Pakketilbodet «Haugesund on your own» var ikkje fullgodt utan heilårsopne kulturhistoriske avdelingar, og gjekk difor ikkje inn i cruisetilbodet dette året. Her har vi mista både ein marknadsføringskanal og ei moglegheit for direkte booking, og dette speglar truleg noko av nedgangen i inntekter for Dokken og Haugesund billedgalleri.

Betalende besøkande var 400 personar mindre enn i 2024, 3% nedgang, men utgjer ein større del av billettsalet: 44% betalende i 2025, 37% betalende i 2024. Tala for Dokken har auka med utvida sesong med dagleg ope friluftsmuseum frå 30. november til 21. desember. Ny bruk av sesonganlegg har trekt mange av innbyggjarane i regionen. Vi har hatt eit godt sal av billetter og varer med ny vinterope arena. «Jul i Dokken» var det store arrangementet i 2025. Det var ein suksess med stort engasjement frå frivillige og tilsette i møte med publikum i eit breitt aldersspenn. Pepparkakebyen engasjerte barnehagar, skular, lag og foreiningar, bedrifter og einskilde.

Born og unge har vore eit av dei viktigaste satsingsområda til Haugalandmuseet, noko som syner att på besøksstatistikken. Det gode samarbeidet med DKS er hovudgrunnen, men gledeleg er det at fleire og fleire grupper og klassar gjer seg nytte av tilboda museet har og bestiller på eigen hand.

I Dokken friluftsmuseum og på Ørpetveit museumsgård har vi i vår sett opp utandørs teljarar for å få oversikt over besøkande i områda, også utover dei som løyer billett. Tala viser tydeleg, for Dokken sin del, eit aktivitetsløft ved gruppebesøk, skulebesøk og cruise og nytt arrangement. Eit samanlikningsgrunnlag vil vere nyttig når vi etter kvart ser året som heilskap og kan samanlikne med tidlegare periodar.

### **Sommarsesong og utviding**

I år, som i fjor, utvidar vi med dagleg ope i Billedgalleriet gjennom sommaren. I Dokken utvidar vi frå torsdagsopent seinsommar til dagleg ope fram til medio september og ved cruiseanløp. Bokn historielag kunne igjen vere vertskap på Bokn bygdemuseum, og vi fekk engasjere det nyetablerte historielaget på Utsira som vertskap i Sjøhuset på Utsira (Nedgangen i besøkstala kan forklarast med utstillingsopning samt gratis inngang i 2024). Nedstrand historielag er vertskap i Tollbua, og på Røvær er det både historielaget og Kulturhotellet som tek imot i Hiltahuset.

Sesongopninga av avdelingane på Nedstrand og Bokn vart ekstra vellukka i år, med opning av temporære utstillingar som har vore tilleggsutstillingar gjennom sesongen. Her, saman med Kunstnerblikk i Dokken og på Vindafjordmuseet, ser vi eit nytt publikum. Museet har fått mange positive tilbakemeldingar på samankoplinga av kunst og kultur, og historielaga set pris på auka aktivitet og merksemd rundt avdelingane. I Nedstrand ser vi meir enn ei dobling av talet på betalende besøk i 2025.

Barnas museumsstafett blir òg knytt til Kunstnerblikk, der barna blir inviterte til å lage papirblomar og bidra til kunstverket i Dokken, og til cyanotypi-trykk på Nedstrand bygdemuseum. Frå skuleslutt til skulestart blir barn inviterte til å vere med Anton Akkar rundt til avdelingane på Haugalandet. Dei får prøve ulike tilrettelagde aktivitetar, med stempling i museumskort.

### **5.1.2 Program**

Årsprogrammet for 2025 vart lansert digitalt og distribuert som trykt brosjyre, og syner breidda på arrangement og stadar som nyttast i heile regionen.

Haugalandmuseet ønskjer å ha eit variert tilbod av arrangement. Vi tilstreber samhandling med ulike brukargrupper, knyte til oss folk i lokalsamfunnet, og jobbe for at museet blir ein arena for alle. Museet vil ha tilbod som samlar få og tilbod som appellerer

til mange. Museumsstafett, kunstpause, vernissasje, familieverkstad, kurs og aktivitetsdagar er døme på kva museet har å tilby av programseriar.

### **Samarbeidsprosjekt**

Museet sitt fellesarrangement Natt på museet vart arrangert for tredje gong, og for første gong i Billedgalleriet. Arrangementet engasjerte tilsette og frivillige, og små og store deltakarar i ei vandreteateroppleving. Det var eit godt samarbeidsprosjekt med frivillige i Haugalandmuseets venner, dramalinja ved Skeisvang vidaregåande skule, MUNOR og Haugesund politistasjon.

Museumsstafettane tek oss med rundt i heile distriktet og utviklar eit godt samarbeid med lokale krefter. 2025 markerer Haugalandmuseet sitt 100-årsjubileum, og i den samanhengen inviterte vi til både kunstnarblikk på museet sine samlingar og refleksjon kring aktuelle kulturhistoriske tema. Tema for føredrag var mobilitet og folkevandring på Haugalandet i samband med det nasjonale utvandrarjubileet, krigen sine skuggar som strekte seg langt inn i fredstid og krigssegjarane si historie i samband med frigjeringsjubileet, samt kunst på flukt.

### **5.1.3 Utviklingsprosjekt**

Eit stort utviklingsprosjekt dette året har vore Jul i Dokken. Museet sitt store fellesarrangement vart halde for aller første gong 30. november. Arrangementet vart ein stor suksess, med mange engasjerte tilsette og samarbeidspartnarar, og med god aldersspreiing i publikum. Det var eit godt samarbeidsprosjekt mellom Haugesund husflidslag, kammerkoret Cantus Vitale, Sjøspeidarane i Haugesund, Haugesund barne- og ungdomsteater og frivillige i Haugalandmuseets venner.

Utover gode samarbeidspartnarar har vi inngått mange sponsoravtalar, både med pengegåver, rabattar, gratisprodukt og bruk av ressursar. Innbyggjarane i regionen har vore engasjerte og bidrege til å gjenskape sildabyen i pepperkakeform, noko som resulterte i ei flott utstilling. Tiltaket fekk god mediedekning og positive tilbakemeldingar. Det vart òg motteke ei tildeling på kr 250 000 frå Regionalt kulturfond Rogaland.

Iscenesetjing av tunet ute og husa inne, saman med pepperkakebyen, bidrog til eit innhaldsrikt vinterope museum, med arrangement som teatervandring, familieverkstad og konsert i helgene i desember. Vi tek med oss erfaringane til neste år. Eit vinterope Dokken krev nok vertar og ressursar til reinhald. Dei gode inntektene gjer det mogleg å styrkje bemanninga i 2026.

Kulturturismesatsinga, med nye tilbod og utvida opning, samt tilrettelegging for cruise gjester, har gitt konkrete resultat i fleire besøkande og gode tilbakemeldingar frå publikum. Bak resultatata ligg det eit godt stykke arbeid – og eit godt vertskap. Det er tilsett fleire sesong- og tilkallingsvertar, og tilsette har vist stor fleksibilitet. Med historiske vertar i Dokken står kulturturisten i fokus (særleg britiske cruise gjester oppsøker musea), og sildefisket og fattigdom vert formidla på ein ny måte.



Figur 2 Tilsette og frivillige deltek i formidlinga under Jul i Dokken. Foto: Grethe Nygaard/Haugalandmuseet

#### 5.1.4 Undervisning

Formidlar ved Nordvegen Historiesenter har permisjon frå Haugalandmuseet frå 1. april 2025 til 31. desember 2027, og ny arbeidsgjevar er Karmøy kommune. Ordninga skal evaluerast ved utgangen av 2027. Med eit Karmsund folkemuseum som er stengd for publikum pga. asbest har museet mista ein viktig arena for formidling.

##### **Barnehagar og grunnskule**

Haugalandmuseet har born og unge som eit av sine viktigaste satsingsområde. Museet tilbyr ei rekkje program og pedagogiske opplegg, tilrettelagde for både barnehagar og skuleelevar på alle trinn, som kan bestillast.

Haugalandmuseet har også mange kunst- og kulturhistoriske formidlingsoppdrag til grunnskuleklassar gjennom lovpålagt DKS. Dette gjer arbeidet til formidlarane forutsigbart, vi kan drive langtidsplanlegging, får høge besøkstal og høg måloppnåing. Opplegga blir utvikla ut frå faste eller skiftande utstillingar, alltid knytt opp til læreplanmål og utarbeida i samarbeid med DKS. Dei obligatoriske opplegga dette året er:

- «Møt musea» for 1. og 3.trinn DKS Haugesund, Tysvær og Vindafjord.
- «Bok blir film» for 9.trinn; Museet fortalde om Moritz Rabinowitz og satte det i kontekst med andre verdskrig. Eit samarbeid mellom DKS Haugesund, Haugesund folkebibliotek, HAUT, Edda Kino og Karmsund folkemuseum

- «Grafikkverkstad Ciara Philips» DKS Haugesund for 10.trinn i Haugesund billedgalleri
- “Vårsløpp” for 4.trinn; på Dokken museum vert elevane kjende med sildabyen, både arbeidet som vart gjort og korleis folk budde, og dei lagar kasselokk og spikkar. Dette er eit samarbeid mellom DKS Haugesund, Karmsund folkemuseum og Stiftinga Haugesjøen. Vi tek imot om lag 450 elevar og lærarar.
- Natostasjonen på Lysenuten (9.trinn) og Ersland gamle skulestove (3-4.trinn) er del av DKS aktivitetane i Vindafjord kommune.

### **Vidaregåande skule**

Fleire og fleire VGS-grupper finn vegen til musea. Filmen «Det renner gull i gatene», kjeldekritikk, forteljinga om Moritz Rabinowitz og romanifolket er populære tema. VGS-klassar besøker dei skiftande utstillingane i Haugesund billedgalleri på eigenhand eller med formidlar.

### **5.1.5 Tilrettelegging og inkludering**

GLIMT er Haugalandmuseet sitt tilbod til grupper som treng spesiell tilrettelegging. Museet sender ut årsprogram med tilbod på alle våre bemanna avdelingar. Dei besøkande varierer frå små grupper med grunnskuleelevar til større grupper med tilrettelagt arbeid. Enkelte avdelingar har også tilrettelagte bestillingstilbod.

Museet arbeider med å gjere formidlinga meir tilgjengeleg, på fleire språk. Vi arbeider godt saman med “Haugesund for alle”, “Enestående familier”, Breidablik læringsssenter og Mottaksskolen i Haugesund og Karmøy Voksenopplæringsssenter. Det er slik vi styrker musea som inkluderande fellesarena. Museet er aktør og samanbindingskraft på tvers av fagfelt, institusjonar, brukargrupper og interesser. Ei sjøspeidargruppe har til dømes tilhald i Dokken museum, og bidrar inn i formidlinga til museet. Eit kammerkor nyttar øvingslokale på Haugesund billedgalleri, og stiller på museets arrangement.

ARTung er fellesnemninga for Haugesund billedgalleri sitt kunsttilbod for ungdom (12-19 år) og består av ei rekkje faste kunstaktivitetar for målgruppa. ARTung skal vere ein inkluderande, sosial og lærerik møteplass. Tilbodet består blant anna av kunstworkshopar i helger og skuleferiar, der ungdommar får oppleve og skape ulike kunstuttrykk under rettleiing frå profesjonelle kunstnarar, eit drop-in teiknestudio (ledes av ARTungs ungdomsvertskap) der ungdommar møtest og teiknar i fellesskap og kan fordjupe seg i eigne prosjekt, og ARTung Mottaksskolen; eit praktisk kunsttilbod til ungdomsskuleelevar ved Breidablik læringsssenter, avd. Mottaksskolen. Det er gratis å delta på alle aktivitetane. I 2024 mottok Haugalandmuseet eit 3-årig tilskot frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet som har gjort det mogleg å auke aktiviteten og tilby eit breiare tilbod til denne målgruppa.



Figur 3 Kunstner Beatrice Guttormsen lærer ungdommer i ARTung å lage tresnitt. Foto: Haugalandmuseet

### 5.1.6 Digital formidling

Digital formidling er eit godt supplement til besøk på museet. Museet har aktive nettsider, og nyttar sosiale medium som Facebook og Instagram. Digitalt museum og KulturPunkt blir oppdatert kontinuerleg. Fleire sentrale punkt i KulturPunkt har vorte omsette til engelsk, slik at fleire besøkande kan få tilgang til informasjon og historie som tilleggsinformasjon – og også når avdelingane er stengde. På nettstaden «Gamle Haugesund» finn ein Haugesundshistoria, og på YouTube legg vi filmar om historiske tema.

Haugalandmuseet lanserte i år, i samband med det nasjonale markeringsåret for friluftsliv, historia om Djupadalen som eit digitalt formidlingsopplegg. Byheiane i Haugesund er eit populært turområde, men historia og kulturminna ein passerer er lite kjende. Prosjektet er eit samarbeid med Haugesund historielag og Hauge skule. Landslaget for lokalhistorie har finansiert delar av arbeidet gjennom prosjektmidlar frå Til Ungdommen. Undervisningsopplegget ligg både på museet si nettside og som 21 punkt i KulturPunkt-appen.

### 5.1.7 Tilgjengeleggjering av samlingane

Ein stor del av samlingane - gjenstandar, fotografi, kunst, lyd og bygningar, er publisert på nettstaden Digitalt Museum. I løpet av 2025 vart 384 nye objekt publisert. Til saman er 46 732 objekt tilgjengeleg på Digitalt Museum pr. 31.12.2025. Det er stor etterspurnad etter fotografa våre, og talet på bestillingar via Digitalt Museum har auka mykje dei siste åra.

Vi ekspederte 180 førespurnader om samlingane – inkludert fotobestillingar. Vi fekk 87 kommentarar på Digitalt Museum.

## 5.2 Utstillingar

Haugalandmuseet har som mål i strategiplanen å møte publikum med eit breitt og variert formidlingstilbod gjennom heile året. Museet sitt bygningsvernarbeid og samlingsforvaltninga er òg ein del av museet si formidling. Haugalandmuseet har mange utstillingar, både faste og midlertidige. Mange av utstillingane er i tråd med museet sitt strategiarbeid, der «havet» i perioden 2020-2025 er belyst frå ulike kunst- og kulturhistoriske ståstader.

I 2025 opna museet fire «Kunstnarblikk»-utstillingar i Vindafjord, Bokn, Tysvær og Haugesund. I Kunstnarblikk på samlinga vart kunstnarar inviterte til å laga sine kunstnariske kommentarar til dei faste utstillingane og samlingane i fire av arenaene rundt i regionen. Kunsthistorikar Arnhild Sunnanå var kurator for prosjekta:

**Kristine Synnes** – Sildemuseet Dokken i Haugesund: Kunstprosjektet «Håp om forsoning» består av tre delar: ein færing frå samlinga til museet, som har tilhøyrt ein reisande, den 3,6 meter lange skulpturen «HÅP», og ein verkstadsdel for alle besøkande.

**Njål Lunde** – Tollbua, Nedstrand bygdemuseum: I utstillinga «Stille skog, ventende hav» viser Njål Lunde verk inspirert av Tollbua og Nedstrands lite kjende storheitstid, og knyter historia til aktuelle tema som naturressursar, berekraft og miljøkrise.

**Eirin Bjørslund Hansen** – Bokn bygdemuseum: I «Under overflata» ønskjer Eirin Bjørslund Hansen å bruke glaskunsten til å skape nye perspektiv på kulturarv og styrkje samanhengen mellom fortid og notid.

**Bernhard Østebø** – Vindafjordmuseet i Vikedal: Utstillinga «Salighedens Ø» handlar om møtet mellom kunst, lyd og lokalhistorie, der hav, vind og stemmer fyller Vindafjordmuseet. Gjennom lydinstallasjon og kullteikningar blir regionen si skipsbyggjarhistorie levandegjord.



Figur 4 Frå Kunstnarblikk-utstillinga av Njål Lunde, i Tollbua på Nedstrand. Foto: Grethe Nygaard/Haugalandmuseet

## Visuell kunst

Kunstmuseet produserer årleg fleire utstillingar basert på samlinga, kuratert av museet sine egne tilsette. I tillegg skapast utstillingar i tett dialog med visuelle kunstnarar og eksterne kuratorar. I 2025 presenterte kunstmuseet mellom anna utstillinga «Ciara Phillips. Favourites». Museet inviterte den irsk-kanadiske billedkunstnaren Ciara Phillips til å syne ei omfattande separatutstilling med arbeider frå over 20 års kunstnariske virke. Tre av verka frå utstillinga er gitt i gåve til museet av Otto Johannessen-fondet.

## Kunstutstillingar produsert av Haugalandmuseet

Me har i alt produsert åtte nye kunstutstillingar i regi av Haugalandmuseet. Fire av utstillingane vart viste i Haugesund billedgalleri og fire på arenaene Bokn bygdemuseum, Dokken museum, Nedstrand bygdemuseum og Vindafjordmuseet. Sumarutstillinga vart produsert i samarbeid med Haugesund og Tysvær husflidslag. Me har også samprodusert Filmfestivalutstillinga med Haugesund kunstforening og Den norske filmfestivalen. Billedgalleriet er òg visningsarena for salsutstillingane til Haugesund kunstforening. Det vart vist i alt ni salsutstillingar i regi av Haugesund kunstforening i 2025.

### Nye utstillingar i 2025:

28.03-31.05.2025, Haugesund billedgalleri: Om hundrede år er allting glemt...?. Samlingsutstilling.

28.03-31.05.2025, Haugesund billedgalleri: Myte, drøm, fantasi. Samlingsutstilling.

15.05-12.10.2025, Dokken museum: Kristine Synnes. Håp om forsoning. Kunstnerblikk på samlingen.

22.06-31.12.2025, Nedstrand bygdemuseum: Njål Lunde. Stille skog, ventende hav. Kunstnerblikk på samlingen.

29.05-10.08.2025, Bokn bygdemuseum: Eirin Bjørslund Hansen. Under overflaten. Kunstnerblikk på samlingen.

12.09.2025 – 01.03.2026, Haugesund billedgalleri: Ciara Phillips. Favourites. Separatutstilling.

23.05.2025-03.08.25, Haugesund billedgalleri: Bunadsarven etter Siri Dyvik.

07.09-31.12.2025, Vindafjordmuseet: Bernhard Østebø. Salighedens Ø. Kunstnerblikk på samlingen.

### **Tjørhom-samlinga**

Kunstmuseet har fokus på formidling av høgtrykkskunst i form av utstillingar, forskning og undervisning. I 2025 produserte museet ei omfattande utstilling med arbeider av kunstnaren Ciara Phillips. Phillips er kjend for si eksperimentierende innstilling til trykk og nyttar ofte teknikken tresnitt i arbeida. Utstillinga vart formidla med omvising og workshops til publikum i alle aldre. Kunstklubben ARTung arrangerte ein workshop med kunstnaren Beatrice Guttormsen der tresnitt var tema. Elevar frå Mottaksskulen i Haugesund har hatt jamleg undervisning i Haugesund

billedgalleri med vekt på linoleumssnitt som kunstnarisk teknikk og uttrykk. Museet hadde og linokurs for bedrift i 2025.

Ei stor nyhende hausten 2025 var Ola Tjørhom sin fjerde donasjon av nasjonal og internasjonal høgtrykkskunst til Haugalandmuseet. Tjørhom donerte nye 60 verk til samlinga. Med den siste donasjonen nærmar Tjørhom-samlinga seg i alt over 500 kunstverk. Kvar månad presenterast eit nytt kunstverk frå Tjørhom-samlinga på museet, i tradisjonelle og sosiale medier.



# HEILHEITLEG SAMLINGSUTVIKLING

## 6.0 HEILHEITLEG SAMLINGSUTVIKLING

Samlingsutviklinga omfattar både innsamling og avhending. Vi får kvart år tilbod om gåver til dei kulturhistoriske samlingane og gjer innkjøp til kunstsamlinga. Inntak eller innkjøp skjer etter nøye vurdering: om det tilfører samlingane noko nytt, og om det er relevant i forhold til målet til museet, strategi og samlingsplan. Desse vurderingane gjerast av eigne inntaks- og innkjøpskomitear ved museet.

### 6.1 Kulturhistorie

I 2025 auka samlinga med 200 gjenstandar, 4500 nye fotografi og 5 hyllemeter arkiv.

Kopervik Nostalgiske forening – eit privat eid og drevet museum, la seg sjølv ned i 2024, etter ti års drift. Dei hadde i sine vedtekter at gjenstandar og privatarkiv skulle tilfalla Haugalandmuseet ved ei oppløsning. Vi behandla dette som eit inntak, og vurderte det på lik linje med andre forespørslar. Loskontoret til los Marinus Kildal Lind og eit privatarkiv etter sildeeksportør Frimann-Skeie er noko av det som blei innlemma i samlinga til Haugalandmuseet. Dei innkomne fotografia er mellom anna foto frå Frimann-Skeie i Kopervik, frå skipsreiar Jacob Odland i Haugesund og innsamla foto frå fiskeria på øyane i vest.

Vi har og avhenda 2575 gjenstandar i 2025. Den store talet skyldast avhending i samband med asbestsanering på Arquebus krigshistoriske museum og Karmsund folkemuseum. Det gjeld både gjenstandar som inneheld asbest og gjenstandar med

asbeststøv. Det er eit mål i musea si samlingsutvikling å avhende, i tråd med samlingsplan og ei styrt samlingsutvikling. Men avhending krev tid og innsats, på linje med inntak, med dokumentasjon og grunngjeving for avhendinga.

## 6.2 Visuell kunst

Samlinga har ei hovudvekt på arbeid av kunstnarar eller verk med tilknytning til Vestlandet. Vi utviklar kunstsamlinga i tråd med museet sin innsamlingsplan 2020-2025. Museet har òg nasjonal og internasjonal høgtrykkskunst som eit tyngdepunkt i samlinga. I 2025 vart 63 kunstverk innlemma i samlinga. Tilveksten er i tråd med innsamlingsplanen til kunstmuseet. Dei aller fleste arbeida er av mannlege kunstnarar (38 mannlege og 8 kvinnelege kunstnarar). Alle kunstverka som vart innlemma i 2025 er gåver frå private og stiftingar.



*Figur 5 Haugalandmuseet fekk fleire kunstverk signert Ciara Phillips i gåve frå Otto Johannessenfondet i 2025.  
Foto: Grethe Nygaard/Haugalandmuseet*



## TRYGG IVARETAKING OG DOKUMENTASJON

### 7.0 TRYGG IVARETAKING og DOKUMENTASJON

Samlingsavdelinga bestod ved utgangen av 2025 av fire faste tilsette (4 årsverk), og ei prosjektstilling (0,4 årsverk). I tillegg kjem tilsette ved kunstmuseet (0,2) årsverk. I løpet av året er det til saman brukt 4,6 årsverk til å forvalte gjenstand, foto, kunst, lyd, film og arkiv. Dei 56 kulturhistoriske bygningane blir vanlegvis teke vare på av drifts- og bygningsavdelinga. I 2025 hadde avdelinga vakansar, og mykje arbeid blei satt på vent. Avdelingsleiar for kulturhistorie og samlingsforvaltning tok alt ansvar for sikring, drift og bygningsvern i denne tida. Ved slutten av året er avdelinga omorganisert, og drift og bygningsvern ligg no under ei felles forvaltningsavdeling.

Arbeid med å sanere asbest i samlingar og bygningar som museet held til i prega heile 2025, både på Arquebus krigshistoriske museum og Karmsund folkemuseum. Arbeidet har til tider vore svært krevjande og nok eit år har vi mangla godkjende arbeidsrom med avsug, konserveringsmateriell, reprotasjon, og andre fasilitetar for å arbeide med samlingane. Magasina ved Karmsund folkemuseum, fleire magasinrom for gjenstandar, tekstilmagasin, kjølemagasin for fotografi og arkivmagasin har vore stengt like lenge. Magasin, verkstad og arbeidsrom har vore stengd på Arquebus krigshistoriske museum i heile 2025.

## 7.1 Registrering og digitalisering

Auka dokumentasjon og digitalisering av samlingane gir større moglegheiter til god digital formidling. I Haugalandmuseet sin strategi er det eit overordna mål å få god bevaring, auka oversikt og innsikt, og tilgjengelegheit til viktige samlingar. Vi har arbeidd målretta med utgangspunkt i dei ressursane vi har. Ordning av arkiv har vore eit prioritert område. Takka vere midlar frå Arkivverket er vi godt i gang med eit tre-årig prosjekt, der vi har reingjort og ordna heile arkivet etter sildeeksportør Oluf Olsen, eit unikt forretningsarkiv i norsk samanheng.



Figur 6 Takka vere støtte frå Arkivverket har ein jobba godt med reingjering og ordning av arkiv i 2025.  
Foto: Haugalandmuseet

**Kunstsamlinga:** Det vart katalogisert 25 nye kunstverk i Primus. Dette er både nye inntak og restansar - kunstverk som er kjøpt inn til samlinga dei siste åra. Det låga talet skuldast omprioritering av ressursar der registreringsarbeid måtte vike for arbeid med utstillingsprosjekt.

**Gjenstandssamlinga:** Det vart registrert 898 nye gjenstandar i Primus. Det meste var gjenstandar som blei henta ut frå Karmsund folkemuseum i samband med asbestsaneringa. Talet på nye registrerte gjenstandar er noko høgare enn i 2024.

**Fotosamlinga:** Det blei til saman oppretta 255 nye hovudpostar i Primus. Talet på nye registrerte foto er noko lågare enn i 2024. Det skuldast omprioritering av ressursar, der fotoarbeid måtte vike for gjenstandsarbeid i samband med asbestsanering.

**Arkiv:** Vi har ordna 5 hyllemeter arkiv – heile arkivet etter sildeeksportør Oluf Olsen.

**Lyd:** Vi har motteke ferdig digitalisert lyd frå Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

## 7.2 Revisjon og vurdering av samlingar

I 2025 er 2500 gjenstandar og 1699 fotografi reviderte i Primus. Tilsette i samlingsavdelinga har gått inn med mykje tid i arbeid med gjenstandar. Konservatorane i Museumstjenestene i Rogaland har og bidratt i det omfattande samlingsarbeidet etter asbestsaneringa, med å få gjenstander på plass i magasinet i Jovegen: registrere, reingjere og pakke for magasinerings.

### Oversikt over samlingane pr. 31.12.2025

Samling	Antal (tal for 2025 i parantes)	Katalogiserte	Publisert på Digitalt Museum
Gjenstand	77 165 (79 731)	31052	15369
Fotografi	681 600 (676 600)	34646	30393
Kunst	3026 (2963)	2377	986
Bygning	56	46	46
Lyd	837	372	31
Film	1047	68	0
Farkostar (på land)	24	20	0
<b>Til saman</b>	<b>763 765 (761 268)</b>	<b>69 031 (67 439)</b>	<b>45 839 (45188)</b>

Kulturlandskap	4	76 dekar
Hageanlegg	2	2 dekar

Privatarkiv	200 hyllemeter
-------------	----------------

## 7.3 Førebyggjande tiltak og konservering

Forebyggjande tiltak for bevaring av samlingane omfattar blant anna overvaking og klimastyring av magasiner, lys, skadedyr og andre risikoar som kan true samlingane. Dette er et kontinuerleg arbeid i museet. Hvis skaden er oppstått må vi gå inn med konservering med eigne tilsette, eller med hjelp frå Museumstjenestene i Rogaland. I løpet av året har vi påbegynt konsolideringsbehandling på lerret av «Nedstrands-fana», som vart stilt ut i anledning Utvandrerjubileet. Ei ny pryddramme vart satt på eit kunstverk av Frans van Leemputten. Den gamle pryddramma ble demontert og skal restaurerast.

Museumstjenesta har fullført konserveringsprosjektet av tapet fra Wrangellhuset, med prosjektoppstart i 2024. Arbeidet har vore å ordne, reingjere, dokumentere og datere meir enn 20 forskjellige tapetprøver etter restaureringsarbeid på 1990-tallet. Konservatorane frå museumstjenesta har handsama syklar i 2025. Det er og gjort arbeid

med brudekjolane frå Arquebus. Housekeeping er utført av museumstenesta på Vindafjordmuseet i 2025, saman med konservator i museet.

## 7.4 HMS og risikohandtering i forvaltninga

Vi har jobba målretta og førebyggjande, med kartlegging og avdekking av asbest, radon og radioaktiv stråling, og påfølgjande tiltak og prosedyrar for å redusere risiko for tilsette og publikum.

### **Asbestsanering - Arquebus krigshistoriske museum**

Asbestsaneringa starta opp igjen i mai og har pågått ut året. Saneringa av utstilling, magasinrom og arbeidsrom frå januar til april. I denne perioden er gjenstandar med asbest frå utstillingane

flytta ut, områda er reingjort, og det er tatt prøver som viser at utstillingane igjen er friskmeldte. Eit magasinrom blei heilt tømt. Der noko er beheldt for å kunne reingjerast /sanerast, og svært mykje er avhenda. I prosessen har vi hatt tett samarbeid med venneforeininga ved museet. Dei har informert om kva gjenstandene er og hvor dei kjem i frå.

### **Asbestsanering - Karmsund folkemuseum**

Arbeidet med asbestsanering starta i byrjinga av mai. Haugesund kommune har leid inn firma som sanerer gjenstandar og rom. I perioden mai-desember har dei sanert to utstillingar i 2. etasje, fleire rom på loftet og eit magasin i 1. etasje. Alle gjenstandar er frakta til eigne saneringssoner og deretter plassert i rein sone. Der har museets tilsette henta ut gjenstandane og frakta deitil eksternt magasin. Museumstenestene i Rogaland har vore rådgjevar i forhold til saneringsprosessen, og deltatt i det praktiske saneringsarbeidet for å reingjere sårbare tekstilar, maleri, polykrome skulpturar og skipsmodellar.

### **Radioaktiv stråling - Arquebus krigshistorisk museum**

I mars blei det føretatt ein kartlegging av bakgrunnsstråling i utstillinga i Arquebus krigshistorisk museum. Resultatet frå kartlegginga viser at det er fleire strålekilder i utstillingane, både radon og radioaktiv stråling. Det er satt i gang radonmåling, samt ekstra reingjering og lufting som reduserer risiko. Eigne prosedyrar for reingjering, strålevernopplæring for tilsette, innkjøp av robotstøvsugarar og luftreinsarar er også komen på plass.

## 7.5 Magasin

Magasinsituasjonen er i løpet av dei siste åra forbetra. I 2025 har mykje av arbeidet handla om å flytte gjenstandar frå magasin på Karmsund folkemuseum til eksternt magasin. Sett under eitt er det framleis gjenstandssamlinga, og til dels arkiv, som har dei dårlegaste magasinforholda ved museet. Dei siste åra har og magasinforholda til

kunstsamlinga forverra seg då nye innkjøp ikkje lenger har plass i magasina. Utstillingsareal i kunstmuseet er stengde og teke i bruk som mellombels magasin.

### Ved utgangen av 2025 såg magasinsituasjonen slik ut

Samlingstype	Svært gode forhold	Tilfredsstillende forhold	Ikkje tilfredsstillende forhold	Dårlege forhold
Gjenstandar	23%	31%	28%	17%
Foto	67%	10%	21%	2%
Kunst	80%	5%	13%	2%

## 7.6 Bygningsvern

Nye vindauge til Derikhuset på Hillesland, Karmøy blei malt og sett inn i huset. Det er og utført småreparasjonar på vindauge i kulturhistoriske bygningar i Dokken. Større prosjekt er satt på vent, grunna vakansar i avdelinga.

## 7.7 Bygningsvernrådsgjevar

Det er heldt kursrekke i bygningsvern for private huseigarar og andre interesserte med tema innføring i bygningsvern, energieffektivisering av gamle hus, restaurering av vindauge, handsaming av overflater samt støtteordningar og søknadsskriving.

Det er gjennomført synfaringar og skrive rapportar til 32 private huseigarar: 11 i Vindafjord, 7 i Karmøy, 8 i Haugesund, 2 i Bokn, 1 i Tysvær og 1 i Suldal.

## 7.8 Drift, brann og sikring

Ei prioritering har vært å få på plass gode system for brannvern, sikkerheit og drift av museet, både administrasjonsbygningar og kulturhistoriske bygg. Museet gjekk til innkjøp av FDV-systemet FAMAC, der all brann- el, - skadedyrdokumentasjon og anna skal inn. Oppgradering av verkstad og reinhaldssentral i nye lokale i Haugeverven har og vore eit stort og viktig arbeid. Forvaltningsavdelinga har jobba godt med å tømme lager og magasin for å gi plass til desse nye lokala. Ved utgangen av året var det meste av lokala ferdige.



## AKTIV SAMHANDLING OG FRIVILLIGE

### 8.0 AKTIV SAMHANDLING OG FRIVILLIGE

Musea er ein del av den kulturelle infrastrukturen for eit sunt og levande demokrati. Haugalandmuseet er ein kunnskapsinstitusjon og inngår saman med andre kultur- og utdanningsinstitusjonar i dannelsings- og opplæringsprosessar for stadig nye generasjonar. Haugalandmuseet er også ein sosial møteplass med eit mangfald av arenaer for opplevingar og nye oppdagingar. Samarbeid utover eigen institusjon har alltid vore ein viktig del av arbeidsforma vår. Me dreg vekslar på fellestenester, andre museum, frivillige, gjevarar, lokalsamfunn, skuleverk og mange andre.

#### 8.1 Frivilligheit og samhandling

Haugalandmuseet er bygd på frivilligheit og samhandling med interessentar, foreiningar og institusjonar. Dei siste tiåra er nettverk og fellestenester blitt viktigare for fagleg utvikling, og vi er bevisst rolla vår som ein samhandlande aktør med samanbindingskraft på tvers av fagfelt og tema. Difor samarbeider vi med mange gjennom året for å sikre aktualitet, nedslagsfelt og medverknad. Våre frivillige og samarbeidspartnarar er tallause, og nokre av dei viktigaste er veneforeiningar knytt til alle musea våre. Det er: Haugalandmuseets venner, Arquebusmuseets venner, Nedstrand museums- og historielag, Utsira historielag, Røvær historielag, Bokn historielag, og Imsland, Vikedal og Sandeid Sogelag. Veneforeiningane og andre frivillige har dugnader, dei passar på bygningar, ser til samlingar og bidreg til å halde nokre av avdelingane våre opne på sommartid. Veneforeiningane og Haugalandmuseet har samhandlingsmøte der det vert

avtalt kva arbeid som skal gjerast. Dei frivillige er entusiastar som har god, lokal kjennskap til samlingane.

**Haugalandmuseets venner** har et eige styre og medlemar, og arbeider aktivt for å styrke interessa for kunst og historie, samt støttar opp om aktivitetar i museet.

Medlemsfordelar er mellom anna gratis inngang til alle avdelingar i museet. Foreininga har 196 medlemmar per 31.12.2025, fordelt på 168 ordinære medlemmar, 22 familiemedlemmar og 6 livsvarige medlemmar. Venneforeininga stiller opp for å hjelpe ved arrangement. I år har dei blant anna bidrege saman med helgevertar under “Jul i Dokken”, med ulike oppgåver som grautservering og historisk vertskap i stovene. Eit flott engasjement!

**Haugesund kunstforening** har sine utstillingar og arrangement i Haugesund billedgalleri, som har eit godt samarbeid med foreininga. Dei tilsette ved Billedgalleriet tek i vare den daglege drifta av foreininga, og frivillige i kunstforeininga utgjør delar av museet sitt vertskap på søndagar. Kunstforeininga er ein aktiv samarbeidspartnar og av stor betydning for programmeringa av utstillingar og formidlinga i kunstmuseet.

**Arquebusmuseets venner** har hatt god dugnadsaktivitet, under dei gitte forholda. Dugnadsgjengen er ein kompetent gjeng med god kunnskap om museet, som utfører dugnadsarbeid i samråd med Haugalandmuseet. Dugnadsaktiviteten har vore i hovudsak konsentrert om kommandobunkeren i Kvalavåg, og restaureringa av kommandobunkeren har kommet eit godt stykke vidare. Festebolter til utstyr er retta, og manglande bolter til sambandsutstyr er komne på plass i kommandobunkeren i Kvalavåg. To eigenproduserte håndgranatstativ er montert, og FF38 telefoner med batteribokser er restaurert og montert. Vegger i kommandobunkeren er overflatebehandla. Utanfor er kantslått og rydda trær og busker, og montert på nytt nedblåst informasjonsskilt som Karmøy kommune har satt opp.

På Arquebus har det vore periodisk gjennomgang av monter i utstillinga for å skifte lysrøyr og utbetre manglar. I avdelinga for Kystartilleriet er arbeidet i gang med å montere ventiler i montrane, og erstatte muggent tøyunderlag med nye tekstilar. Det er arbeida med køyretøyregister over museets køyretøy, vogner, anna roterande materiell og over kanonane. Det er arbeida fram manuskript til boka om Kystartilleriet i Skåredalen. Venneforeininga har vidare produsert ein kopi av eit tysk skilderhus som er plassert i utstillinga, og oppsett og vedlikeheldt fem store luftavfuktere med tørrstoff i arkivet for å sikre mot muggdannelse og for å holde luftfuktigheita nede.

**Minnegruppa til Karmsund folkemuseum** møtest månadleg, og driv lokalhistorisk dokumentasjon og formidling i samarbeid med museet. Eit populært tilbod er fotogruppa på Havnaberg seniorsenter. Her ser brukarar av senteret på fotografi frå museet si samling, og har gjennom diskusjon og samtale bidratt til auka kunnskap om fotografa i samlinga vår. Fotoarkivaren i museet bidreg med fotografi og med tida si.

Andre vi har samarbeida med i 2025 er: Haugesund teater, Edda kino, Destinasjon Haugesund og Haugalandet, Siradagene Utsira, Imsland Bondekvinnelag, speidargrupper, Haugesund historielag, enkeltpersonar, Fortidsminneforeningen, Haugesund Spelemannslag, Munor, Slettaa dykkerklubb, Kulturnatt Haugesund, Haugesund kommune frivilligheita, Haugesund husflidslag, Tysvær husflidslag, Nord-Karmøy historielag, Haugesund folkebibliotek, Nord Karmøy Husflidslag, Vikingklubben,

Haugaland sopp og nyttevekst foreining, musea på Karmøy, Skeisvang VGS dans- og dramalinje, DKS i dei ulike kommunane og Podium – Fartein Valen internasjonale musikkfest.

“Bok blir film“-prosjektet er eit døme på eit samarbeidsprosjekt kor Haugesund folkebibliotek, Haugesund teater, Karmsund folkemuseum, Absurd film og Edda kino i lag har sett saman eit DKS-program for 9. trinn, med krig som tema. Elevane møter skodespelarar og lærer om kjeldekritikk, historie, litteratur og filmproduksjon.

Det er alltid ei utfordring å få inn ulike aldersgrupper i museet. Formålet med ARTung er å vere ein inkluderande, sosial og lærerik møteplass for ungdomar med ulik bakgrunn som deler ei felles interesse for kunst.

## 8.2 Museum og reiselivsnæringa

Haugalandmuseet vil i åra som kjem satse på kulturturisme og reiseliv. Museet held fram med å utvikle publikumstilbodet og attraktive arenaer.

Regionen har aukande cruiseturisme, og allereie 9. april opna vi for dei første cruise gjestene i Dokken og på Arquebus krigshistoriske museum. På Arquebus er det i våresongen to-tre bestillingar i veka med cruiseturistar, som kjem i egne bussar. Etter førespurnad frå destinasjonsselskapet har vi sett opp workshopar som bestillingstilbod på Haugesund billedgalleri i 2025, men utan bookingar. Vi prøver igjen neste år.

Haugalandmuseet har ein jamn dialog med reiselivet i regionen om utviklinga av museet sine kunst- og kulturhistoriske arenaer, og eit aktivt samarbeid om utviklinga av nye reiselivsprodukt med utspring i museet sine arenaer og samlingar.